



**Forekomsten av planta kystbjørnkjeks (ekspertane seier at det ikkje er tromsøpalme eller kjempebjørnkjeks) er kraftig redusert i Uskedalen. Det var tydeleg for uskedalen.no då vi var på ei rask synfaring på stadene der denne giftige planta voks for to år sidan og då var på frammarsj.**

- Forekomsten er i år monaleg redusert i forhold til dei to føregåande åra, sa Kjell Yri her om dagen og han har rett.

Der det var mest kystbjørnkjeks for to år sidan - ved grusbana - er det no berre beskjedne forekomstar att og dei plantene som har vore på veg til å bløma og setje frø er tydelegvis slege ned.

Langsmed stranda er det også nokre spreidde plantar som bør behandlast på same viset. Då dør dei ut etter to år.

Av Ola Matti Mathisen